

## **Innledning**

*PED212, Bacheloroppgåve i pedagogikk* har som målsetjing å utvikle studentane sin vitskapelege tenkje- og arbeidsmåte. Dei skal lære kva slags krav som vert stilt til eit større skriftleg produkt og kva som kan vere ein føremålstenleg arbeidsmåte. Gjennom innsamling og drøfting av relevant materiale skal studentane lære å formulere ei problemstilling og å arbeide systematisk mot å svare på denne. Prosjektoppgåva skal leggje eit metodisk grunnlag for framtidig arbeid med ei masteroppgåve, og kan også tematisk danne opptakta til ei slik vidareføring innanfor det temaområdet som vert valt.

## **Oppfølging av eventuelle tidlegare evalueringar**

Studentar på tidlegare kull har etterlyst større vekt på vegleiing og mindre fokus på førelesningar, og dette har vi arbeidd for å få til.

## **Faglærers vurdering av:**

### **• undervisnings- og vurderingsformer**

PED212 si viktigaste undervisningsform er seminaret, 10 seminar på fire timar fordelt ut over i semesteret. Seminaret blir tilpassa studentane sine behov, og ein vekslar mellom å ta føre seg de ulike stega i arbeidsprosessen og å gje individuell og gruppe-rettleiing. Studentane får dessutan 4 førelesningar tidleg i semesteret, samt kurs i litteratursøk på Universitetsbiblioteket. I tillegg får kvar student to tilbakemeldingar på tekst, på 1. og 2. utkast av oppgåva.

Eksamen er todelt, ei vurdering av den skriftlege oppgåva (ca. 7000 ord) som blir supplert av ei munnleg presentasjon av oppgåva og arbeidsprosessen med sensor og medstudentar som publikum. Munnleg eksamen er justerande.

### **• pensum**

PED212 har eit avgrensa fellespensum som er meint å gje eit innblikk i fagets historie, forskingsmetode og forskingsetikk.

## **Rammevilkår:**

### **• lokale og undervisningsutstyr**

PED212 har i mange år fått BC 136 som sitt undervisningsrom. Dette er eit lite rom utan vindauge og med avgrensa kapasitet, og det er berre fordi gruppa var på 10-12 studentar at

det kunne la seg gjere å bruke rommet.

- **andre forhold**

-----

**Studentevalueringar:**

- **metode – gjennomføring**

Studentane blir inviterte til å svare på eit elektronisk spørjeskjema som dei får tilgang til via Mi side. Våren 2013 var det 7 av 12 som svarte på studentevalueringa.

- **Studentane sine vurderingar og tilbakemeldingar**

Studentane er svært nøgde med PED212. Dei synest at seminara har fungert svært bra, og at både vegleiinga og samarbeidet med mellom studentane i gruppa har vore av god kvalitet. Dei stiller framleis spørsmål ved kva funksjon førelesningane skal ha.

Fleire av dei legg til at dei ikkje er nøgde med arbeidsinnsatsen på eigne vegne, de skulle ha starta skriveprosessen mykje før for å godgjere seg vegleiings-ressursane betre.

- **faglærers kommentar til studentevaluering**

Årets evaluering viser at emnet si organisering no fungerer godt og at vi har ein god balanse mellom gruppeaktivitetar og individuell tilbakemelding. Nokre av dei stiller framleis spørsmålsteikn ved førelesningane den første månaden, men faglærer vurderer desse som ein godt forum for å inspirere og gå grundig inn i faghistorie, metode og etikk.

**Andre merknader (for eksempel undervegstiltak)**

Eksamensforma er tid- og ressurskrevjande, og det er naudsynt å planleggje munnleg eksamen i god tid.

**Faglærers samla vurderingar, med eventuelle forslag til endringar**

Faglærer vurderer dette emnet som godt i si noverande form, og vurderer det som viktigast å prøve på å halde standarden der den er no.